

# MØTEBOK

<b>Kommune</b>	<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtestad</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Frå kl. 18.00</b> <b>Til kl. 19.00</b>
Aurland	Fjellstyret	Trudvang	15.8.23	

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam

**Vara-  
medlemar** Bjørn Ebne (for Leif Turlid)

**Andre** Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

24/23, 25/23, 26/23.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og varamedlemene

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.8.23

Stad: Trudvang

---

### Sak 24/23. Referat og meldingar

Desse meldingssakene vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 13. juni
- 2) 26/6: e-post frå NFS om resultat av tarifforhandlingane for fjelloppsynet - lønsauke 5,4 % (sjå fjellstyresambandet sine interne sider for detaljar)
- 3) 20. 7: Caddy 2018-mod vart innløyst etter 5 år leasingavtale for kr 116.400.
- 4) 3.8: Fiske og matlaging på Steinbergdalshytta, samarbeidsprosjekt. Håkon Øydvin orienterte.
- 5) August: 2 førstegongsjegerar har fått utsett mottak av fellingsløyve til 2024; Inga Tørud Håland og Kari Beate Kvam.
- 6) 9/8: e-post frå Statskog SF v. Kristin A. Midtmageli om jaktbu ved Svarterandane.  
**Merknad:** Vert teke opp som sak til neste møte i fjellstyret.
- 7) 10/8: e-post frå advokatfirmaet Harris AS om «tilleggsskjønnsbegjæring» frå Statnett i samband med bygging av 400-kV-line.  
**Merknad:** Det må takast kontakt med advokaten til fjellstyret for å få oversyn over korleis saka står når det gjeld erstatningsspørsmål for den delen av linjestrekningen som ligg i statsallmenningen.
- 8) Ordninga med gratis garnkort for innanbygdsbuande ungdom mellom 16 og 20 år. Tekst på heimesida i fjor: *Som eit rekrutteringstiltak tilbyr Aurland fjellstyre gratis fiskekort for garn-, stong og oter. Tilbodet gjeld innanbygdsbuande ungdom frå og med 16 år til og med 20 år. Ordninga gjeld kun på statsallmenningane i kommunen. Ta kontakt med fjellstyrekontoret for å få utskrive kort.*  
**Merknad:** Fjellstyret presiserer at denne ordninga gjeld i år og, - det var inga tidsavgrensing i vedtaket som vart gjort i fjor. Det bør informerast om ordninga på heimesida.
- 9) I samband med at fjelloppsynet skal gjennomføra prøvefiske i fleire vatn i Lærdal på oppdrag frå Østfold Energi, er det trong for noko utstyr til analysar av m.a. skjelprøver, otolittar og mageinnhald. Håkon Øydvin orienterte.  
**Merknad:** Fjellstyret set av inntil kr 10.000 til kjøp av utstyr, i tillegg til det som frå før er sett av i budsjettet under post 7001 Fiske. Ev. kostnader ut over dette må opp som sak i seinare møte i fjellstyret.

---

Aurland, den 16.8.23

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.8.23

Stad: Trudvang

---

Sak 25/23. Søknad frå Aurland jakt- og fiskelag om redusert grunnavgift for hjortejakta i Nordheimsdalen, jaktfelt 2

Saksutgreiing vedlagt søknaden frå AJF låg føre.

### **Handsaming i møtet:**

Framlegg frå Bjørn Ebne: Aurland jakt- og fiskelag får halvert grunnavgifta for hjort- og elgjakta i det øvre jaktfeltet (jaktfelt 2) i Nordheimsdalen, grunna ulempene som Statnett si linjebygging i området fører til for jakta, slik det er skildra i søknaden frå jakt- og fiskelaget.

### **Samrøystes vedtak:**

Aurland jakt- og fiskelag får halvert grunnavgifta for hjort- og elgjakta i det øvre jaktfeltet (jaktfelt 2) i Nordheimsdalen, grunna ulempene som Statnett si linjebygging i området fører til for jakta, slik det er skildra i søknaden frå jakt- og fiskelaget.

Sak 26/23. Søknad om refusjon av innbetalt leige for hytta i Håbergsholene grunna ekstremvarsel

E-post frå Benedicte Watvedt Skaug med søknad om å få refundert delar av innbetalt hytteleige låg føre.

### **Handsaming i møtet:**

Fjellstyret meiner det vil vera rett å refundera ein del av innbetalt leige, sidan opphaldet vart utsett som resultat av varsel om ekstremver og melding om vegstenging.

### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret refunderer Benedicte W. Skaug 2 døger leige av hytta i Håbergsholene, 9. og 10. august, grunna varsel om ekstremver på Yr.no og varsel om vegstenging på fv 50 på Statens vegvesen sine sider. 12,5 % provisjon til Inatur vert fråtrekt ved utrekning av refusjon.

---

Aurland, den 16.8.23

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene.